



40 fornøgde tsjekkarar etter turen på Englafjell måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tsjekkarane er naturglade folk og tek i aukande grad i bruk også den norske fjellnaturen. Og gledeleg nok har er dei også i ferd med å oppdaga Uskedalsfjella. Det fekk vi eit imponerende døme på måndag, då 40 av dei (ei busslast) utan problem tok seg ein tur til toppen av Englafjell (1200 m.o.h.).

Dei gjekk turen på fem og ein halv time – tre timar opp og to og ein halv ned att - og ingen klaga etterpå. Så er da da også dei 40 folk som er vane med å flyge på fjell Europa rundt. Men utanom ein hadde ingen av dei vore i Noreg tidlegare.

Men kvifor akkurat Englafjell?

Forklaringa er så enkel som at guiden Sarka Koenigova var på Englafjell for to år sidan saman med ei anna gruppe. Og vi blir ikkje så lite imponert når ho syner oss to tjukke guide-bøker med presentasjon av norske fjell på tsjekkisk der rutene både til Englafjell og Ulvanåso er gjeve fylldig omtale. Englafjell har også grundige kartriss av vegen til topps.

Kanskje det er ein ide å omsetja dette materialet til norsk og leggja det ut på SPAR?

På spørsmålet om kvifor dei ikkje valde Ulvanåso framfor Englafjell var svaret at det ville ha teke for lang tid.

Dei 40 Englafjell-bestigarane kom frå alle kantar av Den Tsjekiske Republikk – mellom anna frå Praha, Brno. Ostrava og Mradec Kralove. Men reiseselskapet deira har basen sin i Brono og heiter Kudrna. Selskapet har tydelegvis spesialisert seg på opplegg for tøffingar, for overnattinga skjer på campingplassar og i telt.

Bussen kom via Polen og med ferja frå Gdynia til Karlskrona. Så køyrde dei direkte frå Karlskrona til Røldal der dei overnatta. I dag har dei altså vore til topps på Englafjell før dei i kveld dreg attende til Røldal for overnatting. Neste stopp er Hardangervidda, der dei blir "slepte laus" i tre dagar og skal liggja i telt. Og dette er berre starten av opphaldet i Noreg!

Av Ola Matti Mathisen